

# PROGRAM

## Tysdag 31. mai:

Frammøte kl. 0900 på Garborgsenteret på Bryne.

Der får me ei orientering om senteret, som opnar i 2012. Etterpå vitjar me Knudaheio og Garborghheimen. Framsyning av "I alveland" med songar og skodespelar Synnøve Erland.

Deretter tek Suldal Billag oss med på turen innover i Ryfylke. Billaget har profilert seg med ein video, sjå [www.suldal-billag.no](http://www.suldal-billag.no). Lunsj på Prekestolhytta.

Om ettermiddagen kjem me til Sand, og innkvarterer oss på Ryfylke Fjordhotell. Me rusler i lag opp til Lølandsteinen. Sidan blir det arrangement om Rasmus Løland ved mellom anna Ernst Berge Drange og Anne Elisebeth Skogen på Ryfylkemuseet.

Kl. 1930 Middag og overnatting på Ryfylke Fjordhotell, Sand.

## Onsdag 1. juni

Avreise kl. 0900.

Me reiser oppover Suldalsdalføret til Nesflaten og vidare til Røldal og Odda.

Me stoppar på Norsk Vasskraft og Industristadmuseum i Tyssetdal og får sjå eit bildespel. Lunsj på Hotel Ullensvang.

Kl. 1600 drar me til Ulvik og til Olav H. Hauge sitt rike. Der går me i fotefara til Hauge og vitjar heimen hans på Rossvoll.

Kl. 1900 Filmen "Den andre mannen" blir vist i Haugesenteret

Kl. 2000 Middag og overnatting på Brakaneshotel, Ulvik.

## Torsdag 2. juni

Avreise etter frokost til Voss og Sivlemonumentet. Så tek bussen oss over Vikafjellet.

Kl. 1300 Lunsj i Vik. Ein stans ved Fridtjovstatuen i Vangsnæs før me tek ferja over til Balestrand.

Om ettermiddagen blir det omvising på hotellet. Sigurd Kvikne fortel om keiser Wilhelm og nasjonalromantikken i Balestrand.

Kl. 1900 Middag og overnatting på Kviknes Hotel, Balestrand.

## Fredag 3. juni

Etter frokost går turen over Gaulafljell til Dale i Sunnfjord; målet er fødestaden til Jakob Sande. Me startar ved Vesle Danielstatuen og på vegen vitjar me grava, bysta og Tusenårsstaden før me ender i fødestaua og løa på Jakob Sande-tunet. Der serverast det kaffi og lappar, det blir Jakob Sande-program og allsong.

Kl. 1400 Lunsj på Transplant.

Me kører til Førde. Kanskje møter me kunstnaren Oddvar Torsheim der?

Middag og overnatting på Quality Førde Hotell.

## Laurdag 4. juni

Etter frokost snur me nasen heimover, via Skei i Jølster. Kanskje blir det tid til eit besøk på Astrictunet eller ein runde i bokbyen i Fjærland? Lunsj på Bremuseet i Fjærland.

Deretter går ferda til Flåm. Middag og overnatting på Fretheim Hotel i Flåm. Me vitjar Sivlebiblioteket, og det blir eit Per Sivle-arrangement der.

## Søndag 5. juni

Etter frokost reiser me til Stalheim. Me skal vitja Sivlestøtta og "Mor si grav" på Opheim. Litt seinare går me innom Hardanger Folkemuseum på Utne, Diktartstien og kanskje får me med oss Agatunet også.

Lunsj på Vasstun i Odda før avreise via Røldal og Saudafjellet til Løland, Rosebua og Bjednestenen.

Kl. 1850 går det hurtigbåt frå Sauda til Stavanger. Han er framme kl. 2105.

Bussen kører til Sand.

*Det vil bli små overraskinger undervegs.*

